
Saknr: 2020/960-1
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 13.01.2020

Til: Hovudutval samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

NTP 2022-2033 - Prosess

Bakgrunn

Fylkesutvalet har slik innstilling til fylkestinget i sak om NTP 2022-2033 Prosess med Nasjonal transportplan 2022-2033 og med store statlege samferdselsprosjekt :

- 1. Fylkestinget sine innspel til Nasjonal Transportplan 2022-33 må sikre involvering, og fastsetjast etter ein brei prosess med kommunar og andre sentrale aktørar i Vestland. Fylkesordførar og utvalsleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet får i oppdrag å lage eit utkast til prosess som eit minimum må forankrast i hovudutvalet for samferdsel og mobilitet.*
- 2. For å sikre forsvarleg tid til å handsame Nasjonal transportplan 2022-33, meiner fylkestinget i Vestland at Samferdselsdepartementet må flytte fristen til å gje uttale til 1. juli 2020. Om dette ikkje let seg gjere, held fylkestinget ekstraordinært fylkesting tidleg i mai 2019 for å gje innspel til prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-33.*

Dette notatet kjem med framlegg om den vidare prosessen med å utarbeidet sak om prioriteringar for NTP 2022-33. Det blir lagt vekt på å ha ein brei dialog i fylket om NTP-prioriteringane.

Drøftingsnotat

Det blir utarbeida eit notat som blir brukt som eit grunnlag for drøftingar under vegs med ulike partar. Dokumentet blir etter kvart gjort om til høyringsframlegg og handsama av fylkestinget.

Transportetatane skal leggje fram sitt grunnlagsdokument 13 mars. Arbeidet med Vestland fylkeskommune sitt innspel må starte opp uavhengig av transportetatane, og må korrigerast med grunnlag i det som blir lagt fram av transportetatane.

Tema

Fylkesrådmannen ser føre seg at notatet bør innehalde i alle fall følgjande tema:

Tema	Innhald
Utfordringar for Vestland	Referere til vedtaket som vart gjort i mai 2019 i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kva betyr dette for prioriteringane
Statlege føringar	Gjennomgang av NTP-utgreiingar og ev andre utgreiingar/føringar med relevans for NTP-arbeidet Trekkje ut det som har særleg betyding for Vestland, og konkretisere kva dette betyr i praksis

Planstatus for store riksvegprosjekt i Vestlandet	Prosjektliste over store prosjekt med oversyn over planstatus. Samanhalde dette med strekningsvise utgreiingar frå transportetatane
Byvekstavtalen.	Utfordringar ved dagens byvekstavtale og behovet for å vidareutvikling av byvekstavtalen
Rassikring	Behov for program for å rassikre vegane og Bergensbanen
Trafikktryggleik	Utfordringar og satsingar innan trafikktryggleik i Vestland
Kollektiv/mobilitet utanom Bergen	Utfordringar/tiltak som bør adresserast til NTP-prosessen, t.d. knytt til ekspressbuss og hurtigbåt
Fylkeskommunale ansvarsområde på veg	Vedlikehaldsetterslep, tunneloppgradering, rassikring, fornying av ferjeflåta
Klima og miljø	Innspel til infrastruktur for miljøvenleg transport. Konsekvensar av klima- og miljømålsettingar for NTP-prioriteringar
Teknologi	Kva betydning vil ny teknologi kunne få for NTP/våre prioriteringar og for framtidige satsingar i Vestland
Godstransport	Jernbane, hamnestruktur, overføring av gods frå veg til sjø og bane

Framdriftsplan

KS har på vegne av ein rekkje fylkeskommunar (m.a. Vestland) bedt om å få utsett frist til 20. juni 2020. Milepelsplan er sett opp med tanke på at vi ikkje får utsetjing, og må sende utkast innan fristen 14. mai. Det blir antatt at det vil vere behov for eit ekstraordinært fylkesting for å handsame innspelet.

Det er lagt vekt på at det skal vere ein brei dialog med andre sentrale partar som arbeider med NTP-innspel, samt med kommunar. Det blir føreslått to møter med kommunane i februar, eit med kommunane i Nordfjord, Sunnfjord, Sogn og Hardanger, og eit med Bergensområdet (Bergensalliansen), Nordhordland og Sunnhordland.

Aktivitet	Deltakarar	Tidsfrist	Mål
Vedtak av framdriftsplan	SAMO	15. jan	Avklare framdrift
1. utkast notat	Internt	15. februar	Få ferdig eit premissnotat/drøftings utkast utan konklusjonar
Møte med sentrale aktørar	Bergen kommune, Bergen næringsråd, Sogn og Fjordane næringsråd, LO, NHO, miljøvern-organisasjonar. 2 møte med kommunar.	Ultimo februar	Avklare posisjonar til dei ulike aktørane. Innspel frå kommunane
Justert notat blir sendt ut med moglegheit for skriftleg innspel til fylkestinget si handsaming		5. mars	Få innspel til fylkeskommunen si handsaming
Drøftingsnotat til SAMO		11.mars (ev FU 26. mars)	Få ei første drøfting av prioriteringar
Etatane legg fram sitt grunnlagsdokument		13. mars	
Samferdsels-konferanse	Brei invitasjon til kommunar og organisasjonar	Om lag 15. mars	Få innspel til fylkeskommunen sitt framlegg til prioriteringar
Møte med sentrale samarbeidspartar	Bergen kommune, Bergen næringsråd, Sogn og Fjordane næringsråd, LO, NHO, miljøvernorganisasjonar.	Om lag 20. mars	Avklare prioriteringar og påverknadsprosess

	Kan ev også kalle inn regionråda ved regionrådsleiar		
Saksframlegg ferdigstillast	Internt	Sak ferdig 25. mars	
Møte med Vestlandsbenken	Hordalandsbenken Stortinget	Primo april	Forankre innspel. Drøfte vidare påverknadsprosess
Politisk handsaming	SAMO 15. april FU 30. april Ekstra FT primo mai		Vedta NTP-prioriteringar

Ved utsett frist vil sak måtte fremjast i SAMO 13. mai, fylkesutvalet 28. mai og fylkestinget 10. juni. Saksframlegget må då vere ferdigstilt frå administrasjonen om 22. april, slik at tidsplanen ovanfor kan justerast med om lag ein månad. Dette kan gje grunnlag til å fremje eit 1. utkast til slutten av februar, og utsending av notat til samarbeidspartar med moglegheit for innspel parallelt med at etatane legg fram sitt utkast. Det vil gje meir tid til å innarbeide transportetatane sitt grunnlagsdokument i saksførebuinga.

Vedlegg

- 1 Bekymring for svikt i den fylkeskommunale vegmarknaden - brev frå Maskinentreprenørernes forbund (MEF)